

PL- ~~Kart~~ Date 22.08.07
07/82
fl
FØRESEGNER TIL BEBYGGELSESPÅN FOR

HYTTEFELT PÅ DEL AV MIDTUN, 59/5

VINJE KOMMUNE

1. Hytter skal vera plassert som vist på plankartet, og i samsvar med innmålt pel i terrenget. Pelen skal ligge innafor hytteveggane. Mindre justering kan gjerast i samråd med planetaten.
2. Hytter kan byggast ut til inntil 100 m² BYA pluss anneks/uthus på inntil 20 m² BYA. Bygga kan delast opp i fleire hus som dannar tun.
3. Mindre servicebygg kan settast opp i feltet.
4. Bygningane skal mest mogleg underlegge seg naturpreget i området, og ha ei enkel og god utforming. Utvendig skal nyttast trematerialar, ståande kledning eller tømmer og naturvennlege fargar.
5. Bygningane skal ha saltak 25 - 30⁰, med kraftige vinds kier og rikeleg takutstikk.
*) Taktekkings ~~skal~~ vera torv.
6. Bygningar skal oppførast i berre 1 etasje, eventuelt med hems. Hytta skal ha ei gesimshøgde på maks. 3 meter, og mønehøgde på maks. 5,5 meter, målt frå terrenget.
7. Eksisterande terreng og vegetasjon skal takast vare på i størst mogleg grad.
8. Der hyttene står på pilarar, skal det gjerdast mellom desse pga. sau m.v.
9. Hyttene har låg sanitær standard, altså kkje innlagt vatn. Det blir laga borebrønner i området. I hyttene kan monterast utslagsvask med avløp til synkekum.
10. Det skal brukast godkjend biologisk klosett, eller den forbetra gamaldassen ein brukar i Vinje.

Det kan vera tale om innlegging av vatn. I så fall skal det fremjast eigen utsleppssøknad for grått avløpsvatn (middels sanitært teknisk standard) med bruk av godkjend, prefabrikera renseanlegg, for ei enkelt hytte eller fleire saman.

11. Hyttefeltet er knytt til den kommunale renovasjon.
12. Straumforsyning skal leggast i jordkabel.

22.11.06

*) Retta etter vedtak i planutvalget 17.01.07, sak 07/3

51

L nr. 14 574/08